



VALLE KOMMUNE
Teknisk - vedlikehold

14 NOV 2011

LUFTFARTSTILSYNET	
ARKIVKODE 521	DOK.NR. 5
14 NOV 2011	
SAKSNR. 201103922	
AVD. OV	SAKSBEH.

Luffartstilsynet
Postboks 243

8001 BODØ

Vår ref:
2011/501-4

Sakshandsamar:
Torleif Homme
☎ 37937538
torleif.homme@valle.kommune.no

Arkiv:
Q65

Dato:
10.11.2011

Vedr. støyberegning - Valle Flyplass, Åraksøyne

Jfr. brev datert 07.11.11 vedr. opplysningar om støyberegninger ved Valle flyplass, Åraksøyne.

Vedlagt er kopi av reguleringskart med innteikna støysoner, samt kopi av tekstdelen til reguleringsplanen. I pkt. 4B i planbeskrivelsen er dette med støy beskrevet.

Håper dette er godt nok i den vidare behandlinga av søknaden om fornya konsesjon til å drive flyplassen.

Med helsing


Torleif Homme
Rådgjevar

Valle Kommune

Landingsstripe og motorsportsanlegg

Åraksøyne

Flatereguleringsplan

Prosjektgruppa, mars 93

Revidert nov. 93

Godkjent Valle Bygningsråd 23.11.93

Godkjent Valle kommunestyre 24.11.93

Tarald Øystrøm



Innhald

- * Bakgrunn**
- * Planområde**
- * Status**
- * Arealvurderingar, reguleringsfyremål**
- * Planframlegg**
- * Forslag til reguleringsfyresegner**
- * Vedlegg**

1. Bakgrunn.

Utbygging av Hekni Kraftverk er i full gang og steinmassar frå tverrslag ved Åraksøyne er rekna med skal deponerast i tida hausten 93 og framover i eit års tid.

Massane skal i hovudsak disponerast i elvelaupet aust for øyne. Kommunen har forhandla fram avtale med kraftverket om også tipping av massar i ei eventuell flystripe på øya.

Kraftverket sine disposisjonar i området er godkjende av turvande instansar gjennom den konsesjon som er gjeven for utbygginga.

Med bakgrunn i Ideskissa for utvikling av området som motorsportsenter og landingsplass skal det lagast ein bindande arealplan for den delen av kommunen dette gjeld.

Plandokumentet skal vera det grunnlag kommunen skal styra arealutnytting etter og samstundes sikra nødvendig areal for å realisera satsinga innafør lufttrafikk og motorsportaktivitetar.

2. Planområdet.

Området som er underlagt regulering strekkjer seg frå Bygland grense i sør og nord til damfot ved Helle/Besteland.

I vest er det vestre laupet av Otra plangrense, medan ca. cote 300 er austre avgrensing for området.

Grunnen i området er i hovudsak skogsmark av rimeleg god bonitet. Det er ikkje fast busetnad innafor planområdet. Gamle driftsbygningar/utlær er å finne på Røysland - ein slags heimeskogstøylar for Straumsgardane.

3. Status.

Heile området er ein del av vedteken kommuneplan. Arealet har status som jord- skog- og naturområde, dvs. landbruksfyremål.

Bruken av området fram til desse dagar har vore i pakt med dette fyremålet. Etter at kraftverket fekk konsesjon på utbyggjing av Hekni Kraftverk har andre brukarar kome til og det er behov for å rullere kommunens plandokument.

I samband med kraftutbyggjinga vil det verta varige konstruksjonar, så som kraftliner, damanlegg, tverrslag o.l. Dette er anlegg som utbyggjaren lyt ha tilgong til for seinare drift.

I samband med konsesjonshandsaminga vart det utført fleire arkeologiske registreringar og utgravingar. Omfanget og lokaliseringa går fram av eigen rapport frå Oldsaksamlinga. Registreringane er innarbeidde i plankartet.

4. Arealvurderingar.

A. Landbruk.

Landbruksområdet utgjer den vesentlegaste delen av planområdet og areala er drivne som beitelandskap og skogsmark. For ettertida vil det vera den slags bruk som vil prega området. Skogområdet langs stripa vil verta bandlagt for å sikre hinderfritt sideområde i samsvar med retningslinene frå Luftfartsverket.

B. Offentlege trafikkområde.

Gjennom området er bygd kompensasjonsveg i samband med reguleringa. Vegen tilhøyrrer kraftutbyggjaren og er open til allmen bruk. Vegen har tilknytning til Rv-39 over Straumsbrua og ved Ose bru. Når dam ved Helle er bygd vil det verta oppretta samband mellom Rv-39 og kompensasjonsvegen også der.

Landingsstripe på Åraksøyne kan greitt tilretteleggjast i 800 m lengde i samband med utfylling av tunnellmassar i det austre elvelaupepet.

Landingsplassen ligg isolert til og støykart over området, bygd på data utifrå 22 flygingar, syner at næraste busetnad på Besteland ikkje vil vera i den sona som vert sjenera.

Støykartet syner 4 soner:

<i>son</i>	<i>dB</i>	<i>aktivitet</i>
son I	55	området kan nyttast til dei fleste fyremål
son II	60	i området bør det ikkje vera bustadar eller anna likn.
son III	65	i dette området skal det ikkje vera bustadar
son IV	70	området er ueigna til alt anna enn det som høyrer til

Frå kompensasjonsvegen er tenkt bygd tilkomstveg til øya og det vil verta tilrettelagt for parkeringsareal i tilknytning til landingsstripa og motorsportsanlegget.

C. Spesialområde.

SA. Restriksjonsområde. I bådane av stripa vil det vera behov for å leggje band på utnyttinga slik at aktivitetar, bygningar og evt. vegetasjon kjem til hinder for innflyging til plassen.

Ved damfot opp mot Helle og ved tverrslag Åraksøyne vil kraftverket ha varig behov for tilgong til desse innretningane.

SB. Kraftanlegg. I samband med kraftanlegget er det ved tverrslag Røysland og ved damfot sett av areal til varige konstruksjonar.

SC. Fornminneanlegg. På både sider av kompensasjonsvegen er det registrert ei mengd fornminneanlegg. Desse anlegga er freda etter kulturminnelova og må ikkje skadast eller på annan måte skiplast. Desse har fått status som spesialområde (R) og og tiltak i nærleiken av desse må klarerast med styresmaktene.

SD. Motorsportsanlegg. Arealet som er tenkt nytta til motorsportsanlegg er lokalsert til austsida av stripa. Innfor området vil det vere aktuelt å lage støyvoll langs sikringsareala for landingsplassen av tilkøyrd tunellmassar for å dempe støybelastning i Bestelandsområdet.

5. Planframlegg.

- Fyresetnader:
- landingsstripe for ikkje allmen bruk
 - lengde = 800 m
 - breidde = 20 m
 - planert belte på kvar side = 20 m
 - motorsportsanlegg
 - snøskoterbane
 - bilcross
 - motocross

Arealbruk:	- landbruksareal	ca 1000	da
	- trafikkområde,landingsplass	50	da
	- trafikkområde, køyreveg,parkering,m.m.	50	da
	- motorsportsområde	100	da
	- fornminneområde	50	da
	- kraft	20	da

Tekniske anlegg:

Straum fram til anleggsområdet er ført fram av AAK ved byggjing av høgspent luftline i sørenden av påtenkt stripe. Under fyrebuinga av kraftverket bad kommunen om at ei eventuell linje skulle byggjast lenger sør mot tverrslag,men dette er ikkje imøtekome. Etter at anleggstida er over skal kraftlina takast ned og eventuell straumtilførsel til flyplassområdet vil kunna skje frå høgspentanlegget på vestsida av Otra med lågspent jordkabel til aktivitetsområdet.

Vassforsyning for området er rekna med at vert dekkja av eige anlegg basera på boring i lausmassar.

Avkloakking kan ein rekna med å finne ordningar for lokalt i massive avsetningar på øyne. Det same kan gjelda for overflatevatnet.

6. Reguleringsfyresegner.

1.

Desse reguleringsfyresegnene gjeld for det området som er synt på kart i m = 1 : 5.000 datera 20.3.93, revidert aug. 1993 og nov. 1993.

Området inngår som del av kommuneplanen og areala skal nyttast til:

- L - landbruksområde, # 25.2, jordbruk og skogbruk
- T - trafikkområde, # 25.3, landingsplass, vegar, parkering
- S - spesialområde # 25.6, restriksjonsomr., kraft, fornm., motorsport

2.

Landbruksområde. (L)

Arealutnyttinga kan vera som den er i dag og elles det som er foreineleg med jord- og skogsdrifta. Bygningar som vert sette opp må vera utifra behovet for driftsbygningar for å drifte eigedommen.

Landbruksarealet langs landingsstripa skal kunna haldast fritt for høg vegetasjon langs stripa i samsvar med fyresegnene frå Luftfartsverket.

3.

Trafikkområde. (T)

Området skal nyttast til byggjing av landingsstripe, T 1, og dei innretningar som trengst for å drive anlegget, så som navigasjonsutstyr, o.l.

Det kan og innrettast terminalbygg, lager, verkstad o.l. for drift av dei ulike aktivitetar på areal inn til stripa, T 2. Her kan og byggjast anlegg for sportsanlegg, jfr. fyremål Spesialområde under # 5.

T 3 omfattar privat veg til landbruksareala vest for stripa.

Detaljerte tekniske planar for anlegg og drift av landingsstripa skal fyreleggjast og godkjennast av Luftfartsverket.

4.

Spesialområde. (S)

A. Restriksjonsområde. I kvar ende av landingsstripa, SA 1 og SA 2, og sidevegs for stripa skal det vera sone som skal haldast fri for bygningar og innretningar, vegetasjon m.m., jfr. normblad 2.8.1. av 31.1.92 frå LV.

B. Kraftanlegg. I dam- og tverrslagsområdet, SB 1 og SB 2 kan det lagast innretningar og anlegg som har med drift og vedlikehald av kraftanlegget.

C. Fornminneanlegg. I området er det fornminneanlegg, R 1 og R 2, som er registrert av Oldsaksamlinga. Desse må ikkje øydeleggjast ved byggje- og anleggsarbeid. Aktivitetar ikring desse må fyreleggjast vedkomande styresmakt.

D. Motorsportsanlegg. Aust for landingsstripe er avsett areal til motorsportaktivitetar og eventuell annan luftsport med utspring i landingsstripa. Det kan setjast opp bygningar og anlegg som dekker det behovet som desse aktivitetane måtte ha.

Motorsportsbanen skal utformast i samsvar med godkjent bebyggelsesplan for området. Utforminga, med evt. avbøtande tiltak for å minske støy, må vere slik at støygrense på 55 dBA, synt på plankart, ikkje vert overskriden. Kommunen kan til ei kvar tid krevje avbøtande tiltak, og regulere bruk og aktivitet dersom anlegg og verksemd kan vurderast som alvorlege ulemper for omgjevnaden. Ein fyreset at det vert gjeve konsesjon for banedrifta.

5.

Fellesfyresegner.

Fyreliggjande plan, med tilhøyrande fyresegner, er i plansamanheng å sjå på som ein flatereguleringsplan og all framtidig utbyggjing innafor planområdet skal skje etter godkjent bebyggelsesplan, jfr. # 28 - 2 i plan og bygningslova. Alle bygningar og innretningar som skal oppførast innfor reguleringsområdet må byggjemeldast til bygningsrådet på vanleg måte.

Valle den 20.mars 1993. Revidert aug. 93 og nov. 93.


Godkjent i Valle Bygningsråd:	23.nov. 1993
Godkjent i Valle kommunestyre:	24.nov. 1993

Vedlegg:

39190 - 01 * Reguleringskart, m = 1: 5.000

39190 - 02 * Landskapsplan

39190 - 03 * Restriksjonsplan for småflyplass



FLYSTRIFE INNTEGNET ETTER
OPPGAVE FRA MULTICONSULT
31-7-1992 OG 21-9-1993

ANTATT 234

BANE FOR MOTORSPORT-SKJEMATISK
HJNEGNET ETTER SKISSE FRA
MULTICONSULT-ÅR 15-9-1993

ANGITTE KOTEHØYDER GJELDER
FERDIG TIPP FØR UTLEGGING
AV VOLLER

STIPLET MULIG TRASE
FOR CROSSBANE

BEKK FØRES
I KULVERT

U.K. BEKKELØP 235

U.K. BEKKELØP
232

233

234

235

236

237

238

239

240

U.K. BEKKELØP
231

Araksøy

Araksøy

X 115 4

X 115

X 115

X 114 800

Restriksjonsplan for småflyplass, kode 1

